# Gjærsopp

## Analysemetode
Gjærsopp-dyrking på selektive soppskåler.

## Indikasjon
Klinisk mistanke om gjærsoppinfeksjon som intertrigo, bleieutslett, trøske i munnen, evt. djupare gjærsoppinfeksjonar. Obs: For soppvaginitt bør legen sjølv stille diagnosen klinisk og ved mikroskopi av vaginalsekret. Sjå kapitlet Genitalprøvar, kvinner.

## Prøvetaking
Prøve takast med vanleg bakteriologisk pensel.

## Prøvetakingsutstyr
Ein nyttar vanleg bakteriologisk pensel i transportmedium:
Svart kork: Tjukk pensel:



eller oransje kork: Tynn pensel.

## Oppbevaring før transport
I kjøleskap.

## Haldbarheit
1 veke. Eldre prøvar kommenterast i svar.

## Vurdering i laboratoriet
For polikliniske prøvar utførast vanlegvis ikkje nærare identifikasjon, og prøven svarast med ”Gjærsopp”. For inneliggande pasientar utførast vanlegvis diagnostikk av Candida albicans, og prøva svarast med ”Candida albicans” eller ”Gjærsopp”.

Vi utfører ikkje resistensbestemming av gjærsopp ved vårt laboratorium. For isolat frå blodkultur eller mistenkt systemiske/alvorlege infeksjonar sendast isolatet til anna laboratorium for nærare identifikasjon og resistensbestemming. Generelt gjeld at Candida albicans for tida kan reknast som sensitiv for fluconazol, mens andre gjærsoppartar har varierande sensitivitet for dette middelet.

## Forventa analysetid
2-3 dagar.

## Feilkjelder

## Utførast av
Bakteriologisk fagområde

## Fagområde
Mykologi

## Rekvisisjonsskjema
Skjema HF 1084
Skjema HF 1088

## Medisinsk fagleg ansvarleg
Reidar Hjetland

## Sist oppdatert
27.10.2016 Gro Øren